

RESOLUSJON

Ei ny tid for bokhandel på campus

Vedteke av Studenttinget på Vestlandet 17.09.2023

Fleire universitet og høgskular i Noreg har i dag bokhandel på campus. Nokre av desse er drivne av studentsamskipnaden, medan andre er drivne kommersielt. På desse bokhandlane er det mogleg for studentar å kjøpa pensumlitteratur og kontorrekvisita.

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) er det i dag berre to bokhandlar på campus. Den eine er kommersielt driven på campus Bergen (Akademika), medan den andre er driven av samskipnaden på campus Sogndal (Fjordbok). Ved campusane i Haugesund og på Stord har det tidlegare vore bokhandlar på campus som har blitt lagte ned, medan det på campus Førde aldri har vore bokhandel før.

Den siste tida har det vore ein debatt om kor vidt ein skal ha campusbokhandel på campus Bergen. Bokhandelen på campus Sogndal går greitt utan at omsetninga der er særleg høg. Samstundes brukar bokhandelen større og sentrale areal på campus, som kunne blitt brukt til føremål som hadde styrkja studenttrivsel og studentengasjement i større grad.

Campusbokhandlane er der for å dekkja studentane sine behov for pensumlitteratur og kontorrekvisita. På campusar utan bokhandel kjem det pop-up-utsal ved studiestart, og på nokre campus sel samskipnaden kontorrekvisita i kantina. Kjøpekulturen er også i endring, der fleire studentar enn før kjøper pensumlitteratur på nett og brukt frå tidlegare studentar. Det gjer at behovet for ein campusbokhandel ikkje er like stort som før, og at det ikkje er gitt at ein campusbokhandel er det som best dekkjer studentane sine behov.

Studenttinget på Vestlandet meiner at:

- Studentane har behov for eit tilbod for å kunna få tak i pensumlitteratur og kontorrekvisita på campus.
- Høgskulen skal leggja til rette for pop-up-utsal av pensumlitteratur, men også bruktmeknad for sal og byte av pensumbøker, ved studie- og semesterstart.
- Høgskulen skal leggja til rette for at studentane kan kjøpa enkelt kontorrekvisita på campus.
- Studentane sine behov for bokhandel på gjeldande campus bør vera førande for kor vidt det skal vera bokhandel der. Ei eventuell nedlegging av bokhandlar føreset at HVL går i dialog med Studenttinget og studentcampusrådet på den gjeldande campusen, om korleis frigjort areal kan brukast til å styrkja studenttrivsel og studentengasjement.